

## NØK- konferanse Island 2010

Torill Midtkandal

Mitt namn er Torill Midtkandal og er så heldig å ha blitt spurt om å holde eit føredag om marginane på eige bruk. Det betyr at eg er bonde og har vore det i 18 år. Eg bur ilag med Johan og gutane våre Knut-Olav og Kjell- Martin på Øvreeide gard i Stryn kommune i Sogn og Fjordane fylke på vestkysten av Norge. Det var frå dette fylket vikingane som for i vesterveg og befolka Island kom frå. Går vi langt nok tilbake kan det hende eg har slektingar her?

Garden vår ligg innerst i Nordfjorden i naturskjønne omgjevnadar og nokre av dykk som var på Nøk konferansen i Loen for 6 år sidan, var kanskje innom garden vår då.

Vi driv mjølkeproduksjon i ei samdrift som eigentleg er eit familiebruk, ettersom det er vi som har den daglege drifta, mens to samdriftspartnerar er avløysarar . Kvoten er på 255 000 liter og vi disponerar ca 250 daa jord. For å vere på Vestlandet, er dette ein ganske lett driven gard, sidan arealet er ganske flatt. Topografien er ofte svært utfordrande på vestlandsgardane.

Då vi starta som bønder i 1992 hadde vi jobbar utanom bruket både mannen min og eg. Vi har landbruksutdanning begge to og det har alltid vore ein stor del av identiteten vår. Dei fyrste åra jobba vi altså dobbelt, mens vi bygde oss hus og fekk driftsapparatet i god gjenge. Prisane på landbruksvarer var ganske bra dei fyrste åra og alt garden kasta av seg pløgde vi inn att i garden.

Så rundt 1995 fekk vi eit politisk skifte og prisane raste. Spesielt kjøtprisane vart halvert. Vi var midt inne i ein tenkeprosess om å bygge ut fjøset til lausdrift, som ville medføre ganske store kostnader. Dette vart ei vanskeleg tid. Vi var veldig i tvil om det var liv laga å satse på landbruk og om det var politisk vilje til at det framleis skulle vere bønder i Norge.

Som de sikkert er kjent med, er landbruksproduksjonen i Norge meir politisk styrt enn i dei andre Nordiske landa. Ser vi Norge opp mot for eks Danmark, er ein norsk gard som ei verna bedrift å rekne. Vi er ikkje så marknadstyrt og vi har forholdsvis store overføringar frå staten. Dette er heilt nødvendig for at vi skal ha landbruk i heile landet og kompensere for at vi bur i eit høgkostland. Vi har ikkje mogelegheit til å konkurrere mot prisane i EU verken på innsatsfaktorar eller produktprisar. Skulle vi vere marknadsstyrte, ville vi importere all mat. No importerar vi ca 50 % av kaloribehovet til det norske folket. Inntil vi har genmanipulert befolkninga til å kunne fordøye olje, er vi faktisk avhengige av tradisjonell mat. For å ha ei matvaresikkerheit til eiga befolkning er det derfor viktig å oppretthalde ein viss landbruksproduksjon.

Ut frå at vi hadde trua på at vi framleis skulle ha mat, bestemte vi oss for å satse. Vi sa opp jobbane våre og ville vere 100% bønder. Vi skulle bli gode til det vi dreiv med og ha full fokus på det. Dette var i skarp kontrast til omgjevnadane våre der bruksnedlegginga gjekk i stort tempo. Sidan 1999 har talet på mjølkebruk blitt redusert med 48 %!

En viktig ting eg og gjorde: eg slutta å lese Bondebladet!(tidskriftet til Norges Bondelag) Dette var viktig for at eg ikkje skulle verte påverka av den pesimismen som rådde i landbruket.

Vi tok i bruk eit fjøs som vart ombygd til lausdrift i 2001. Dette vart eit tidsskilje for oss og vi hausta fruktene av det vi hadde opparbeidd oss av kunnskap og satsingsvilje. Vi greidde å halde byggekostnadane nede ved hjelp av stor eigeninnsats og gjelda verka ikkje særleg inn på privatøkonomien vår.

Sjølv om vi ikkje hadde lagt inn i utbyggingsplanane at vi skulle auke produksjonen vår, førte fleire henvendelsar frå andre bønder som ville gå i samdrift og kjøp av kvote, til at vi meir enn dobla mjølkemengda i løpet av fem år.

Ved hjelp av eit mykje betre overvakings- og styringssystem i fjøset og fokus på god førkvalitet og føring, greidde vi å løfte mjølkeytinga pr årsku år for år og har no ei yting på 9500 liter. I eit norsk perspektiv er det ganske bra og vi har vore på lista over dei høgstytande buskapane, mellom 20 til 40 årskyr, dei siste tre åra. Vi har klart å ta ut ein høgare mjølkepris enn gjennomsnittet i samanlikningsgruppa vår, ved hjelp av å produsere mest mogeleg mjølk om sommaren då det er sesongtillegg i vart område. Vi har høg produksjon i beitesesongen, og når dyra haustar graset sjølve vert det ei rimeleg føring. I tillegg har vi valt å ikkje investere i dyrt haustestyr, men leiger entreprenør til å hauste grasavlingane våre. Dette er viktig for å få ein lavast mogeleg grovforpris. Vi har dermed gått heile runda frå å vere entreprenør for rundballepressing til å sjølv leige til alt. Vi unngår og å kjøpe ein ny stor traktor i tillegg til den vi har. Ved å vere ein god og sikker kunde hjå entreprenøren har vi og fortrinnsrett i forhold til å få gjort arbeidet til rett tid. I tillegg har vi eit utstrakt maskinsamarbeid med andre bønder. Men sjølv om vi har forbetra resultata mykje dei siste åra, ser vi at ved å tileigne oss ny kunnskap på ulike område, har vi framleis forbetringspotensiale.

Med auka krav om effektivisering år for år, var og er trenden at vi heile tida må produsere meir for å oppnå same inntekta.

I 1993 hadde vi ei inntekt på 374 000 ved ein produksjon på ca 115 000 liter

I 2003 var inntekt 458 000 ved 131000 liter

I 2009 var inntekta 554 000 ved ein produksjon på 217 000 liter

Ser vi generelt på det har inntektene i landbruket i Norge dei siste 20 åra blitt dobla, men samtidig er kostnadane tredobla og gjelda femdobla. Berre i perioden 2006 -2009 har gjeldsbyrda auka med 15% til 8 milliardar kroner. Dermed har inntektsutviklinga i norsk landbruk har vore negativ gjennom mange år og gjennomsnittsinntekta for den norske bonden er i dag på ca 204 000 kr. Det er lett å forstå kvifor mange gjev opp og går ut av landbruket. Ser ein det opp mot ei industriarbeidarløn, så ligg den på ca 418 000 kr.

Korleis skal vi takle ein slik situasjon. Kva verknad har denne utviklinga på rekrutteringa til bondeyrket?

Vi har heilt klart ei utfordring med å få unge til å satse på landbruk pga lønsutviklinga og det faktum at vi har for lite arbeidskraft i andre næringar i Norge, sjølv om finanskrisa har bremsa litt på utviklinga. Landbruket utgjorde i 2009 berre 2,3% av den totale sysselsettinga. Dei unge finn betre betalte jobbar og spesielt i forhold til oljeindustrien er det vanskeleg å konkurrere med lønsnivået.

Men korleis tenkjer vi i eit slikt perspektiv?

Sjølv om vi er i vår beste alder() kjenner vi at kreftene er byrje å dabbe litt av. Vi har som sagt vore bønder, snekkarar, elektrikarar, rekneskapsførar, entrèpenørar, arkitektarar osv i 18 år og pågangsmotet er byrja å dabbe litt av. Det er ikkje så enkelt å berre brette opp ermane å sette i gang med nye prosjekt lenger. Men av og til tenkjer eg på eit av foredragane som ein av dei svenske Nøkmedlemmane heldt på konferansen i Kusamo i 2006. Han sa at han plutselig fann seg sjølv midt i ei 50 års krise. Det beste han kunne gjere for å komme seg ut av den, var å bygge nytt fjøs!

Og slik tenker nok vi og til dels. Vi er no i ein situasjon der vi veks ut gjennom veggane i fjøset. Arbeidssituasjonen er dermed ikkje særleg tilfredstillande for oss og vi har innsett at vi må gjere noko. Dermed er teikningar for ein eit fjøs med produksjon på ca 400 000 liter klar, med ei kostnadsramme på ca 5 mill. kr.

Å drive med teikning og planlegging er ein omstendeleg prosess. Vi har hand om det meste sjølve, både når det gjeld teikning og kostnadsberekning og det trengst tid i ein modningsprosess for å finne ut kva vi eigentleg vil. Det som skremmer litt no er at kostnadsutviklinga i byggenæringa har vore enorm. Vi har sett mange fjøs som er blitt bygde dei siste åra, som har kosta mellom 10 og 12 millionar kr. Det pågår ei enorm kapitalbinding i norsk landbruk som kan verte vanskeleg å takle dersom rammevilkåra vert skjerpa enten ved auka import eller endra politisk styresett.

For å vere best mogeleg rusta både for ustadige politikarar og for Arla som vil inn over landegrensene våre!, har vi som største prioritet å halde kostnadane nede. Bygge enkelt og utan for mykje jåleri.

Målet er:

Ikkje få redusert dagens inntekt dvs. den auka produksjonen skal betale investeringa.

Vi skal få ein lettare kvardag og arbeidssituasjon, sidan vi kjem til å setje inn robot.

Ha eit driftsapparat som er tidsriktig og offensivt.

Utnytte eksisterande bygningsmasse maksimalt slik av vi ikkje dreg med oss kostnadar på ikkje produktivt areal.

Ha ei nedbetalingstid som gjere bruket robust og attraktivt å ta over for neste generasjon.

Vi er så heldige at vi har ein gut som for øyeblikket i alle fall siktar seg inn på ei landbruksutdanning, men tida vil vise kvar vegen vil gå. Det skal i alle fall vere lysta til å vere bonde som skal vere drivkrafta og ikkje plikta. Som sagt er vi sterkt knytte til vår identitet som bønder. Eg er ikkje i tvil om at både Johan og eg lett kunne takle mange forskjellige yrker og bønder er ofte ettertrakta arbeidskraft på grunn av høg arbeidsmoral og kapasitet.

”Men når vårsol i bakkane blenkte” som det heiter i ein velkjend norsk song, så kunne eg ikkje tenkje meg noko betre yrke. Å føle nærheit til naturen, skifting gjennom årstidene og den varierte arbeidsdagen om vert bestemt nettopp av naturen, er ei gåve som få vert forunnt. Og eg trur at det er rom og mogelegheiter for oss som har eit ynskje om å klore oss fast. Kunsten er berre å greie å vere ”liten” nok, slik at vi ikkje sit att som administratorar av underbetalte arbeidsinnvandrar.

Vi vil leve av eige ærleg arbeid, men der må og vere rom for gode late dagar der vi kan ladde batteria ved bassengkanten på Øvreeide gard!

Takk for meg!